



BORE KYRKJE

SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møteprotokoll

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: 01.06.2022
Tid: kl. 19:00

Følgjande møtte:

Hilde Eikeland
Ivan Fjeld
Jonas Meling Berge
Marita Midtun Finstad
Nicolai Homme
Torunn Renate Bore
Torill S. Bøen
Elisabeth K. Jørgensen

Rolle

Dagleg leiar
Medlem
Medlem
Medlem
Leiar
Nestleiar
Varamedlem
Varamedlem

Forfall

Elisabet Haarr
Jens Kåre Bore Stokka

Varamedlem

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
22/029	Godkjenning av innkalling
22/030	Godkjenning av referat
22/031	Samtale om arbeidet juni
22/032	Informasjon frå og til fellesrådet juni
22/033	Strategisamling 2022
22/034	Møtedatoar hausten 2022
22/035	Offerplan haust 2022
22/036	Orienteringar juni 2022
22/037	Eventuelt

22/029 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:

Innkalling blir godkjent.

BS - 22/029 Vedtak:

Innkalling godkjent.

22/030 Godkjenning av referat

Forslag til vedtak:

Referat fra forrige møte godkjent.

BS - 22/030 Vedtak:

Referat fra forrige møte godkjent.

22/031 Samtale om arbeidet juni

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møtet

Weekend komité: Dagleg leiar fortsett arbeidet med å samla ein komité. Fleire namn vart tipsa om i møtet.

Flyktningar frå Ukraina; Mandag 30.mai var det eit møte i kyrkja med diakoniutvalet og 2 representantar frå Frivillighetssentralen. Det var 15 personar utanom, og det var eit godt møte med mange gode innspel. Menigheten blei oppmoda til å finne ut kva me ynskjer å gjere - og at det må vere noko me har glede av, for då vil det vare i lengda. Det vart snakka både om flyktningane, men og om diakoni generelt. Soknerådet tek med seg dette vidare til strategisamlinga.

Alpha kurs oppstart; møte rett over sommaren. Ivan har ansvar.

G2 komiteen; Ivan skal kalle inn til møte i august. Det kom forslag om fleire som kan utfordrast, mellom anna nokre ungdommar.

Sykelstafetten: Torunn Renate koordinerar denne. Dagleg leiar bestiller inn t-skjorter med logo som kan nyttast av frivillige både til dette arrangementet og seinare.

BS - 22/031 Vedtak:

Soknerådet ber dagleg leiar jobbe vidare med komité til weekend.

Soknerådet ber Ivan sette møtedatoar i august for G2 komiteen og leiarane for husgruppene, og kalle dei inn.

Soknerådet ber dagleg leiar bestille t-skjorter med logo og visjon før sykkelstafetten.

22/032 Informasjon frå og til fellesrådet juni

Forslag til vedtak:

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet

BS - 22/032 Vedtak:

Me vil markera opninga av den nye parkeringsplassen. Nicolai og Hilde organiserar dette.

22/033 Strategisamling 2022

Forslag til vedtak:

Soknerådet drøftar tema og gjer vedtak om tidspunkt i møtet

Dato for strategisamling blir 30.08.22 kl 19 - 22. Tema: Frivilligheit, korleis bygge fellesskap ved å hjelpe andre. AU set opp endeleg tema i forkant av strategisamlinga.

BS - 22/033 Vedtak:

Strategisamling for stab og sokneråd er 30.08 kl 19 - 22 i kyrkjestova.

22/034 Møtedatoar hausten 2022

Forslag til vedtak:

Soknerådsmøte hausten 2022 blir 13.09, 25.10 og 29.11.

Kyrkjevevja har kalla inn til felles møte for alle sokneråda i Klepp kommune 26.10.22, me tek omsyn til dette når det gjeld datoar for sokneråd i haust.

BS - 22/034 Vedtak:

Soknerådsmøta hausten 2022 blir 13.09, 01.11 og 29.11.

22/035 Offerplan haust 2022

Forslag til vedtak:

Offerplan for august – desember 2022 er godkjend.

BS - 22/035 Vedtak:

Offerplan for august – desember 2022 er godkjend.

22/036 Orienteringar juni 2022**Forslag til vedtak:**

Soknerådet samtalar og gjer ev. vedtak i møtet.

BS - 22/036 Vedtak:

Dagleg leiar undersøker meir med Voll IL ang julekonsert før me seier ja eller nei.

22/037 Eventuelt

1. Jærgårds; Konfirmantane frå Bore deltek ikkje i år pga. Evjetur. Dagleg leiar spør frivillige om å vere nattverdsmedhjelpare.
2. Kyrkjevevja kalla inn til møte ang politikerkontakt mandag 23.mai, Hilde og Nicolai var med frå Bore. Bispedømmet oppfordrar sokneråda til å vedlikehalde politikarkontakten, særleg med tanke på valet neste år. Korleis kan me vise fram arbeidet vårt, og sikre at politikarane hugsar kyrkja når dei lagar partiprogramma. Bore sokneråd ønskjer å fokusera på det som er bra i samarbeidet som eskisterar og vise takksemd for t.d. ny parkeringsplass. Me tenkjer at det viktigaste no er å få kyrkja på Klepp på plass, og vil ikkje spele inn andre ønsker no.
3. Dagleg leiar informerte kort om konfirmantopplegget for 2022/23. Det er no ca 30 påmeldte konfirmantar. Det er stort behov for frivillige leiare både til weekend og ellers i opplegget. Økonomisk vil ein overskrida budsjettet med ca 20 000 kr. Me tek konfirmantopplegget opp som eiga sak før opplegget for neste årskull skal planleggast.

BS - 22/037 Vedtak:

1. Dagleg leiar spør frivillige om å vere nattverdsmedhjelpare på Jærgårds.
2. Bore sokneråd vil fokusera på å få frem positive saker frå kyrkja, og prøva å vere synleg for lokalpolitikarane på den måten. Me ønskjer ikkje eigne møter med politikarane pr no.
3. Soknerådet tek orienteringa ang konfirmantane til etterretning.